

Uskedelingar i bombetrussel på Old Trafford.

15.05.2016



Marius og Mats klar til gå inn på Old Trafford.

Fotballinteresserte Tommy Eidsvik og dei like fotballinteresserte sønene hans hadde lenge sett fram til å oppleve Premier League-kampen mellom Manchester United og Bournemouth på Old Trafford. Det som skulle vera ei storart og koseleg fotballoppleving, vart dessverre ein svært dramatisk affære.

Då Tommy og tvillingane på 12 år hadde funne plassene sine på det velkjende stadionet, og det var i ferd med å fyllast med publikum, måtte alle som var inne på Old Trafford evakuerast. Det var funne ein pakke inne på stadion, og då eg snakka med Tommy Eidsvik på telefonen, var det framleis usikkert om det var ein bombeladning eller ein falsk alarm. Dei ulike nyhetsskanalen kom med sprikande opplysningar.

-20 minutt før kampstart var vi blant dei første som måtte forlata stadion, fortel Tommy på telefon frå Manchester. Dei visste ikkje kva som var grunnen, men han rosar kamparrangørane for at evakueringa gjekk roleg for seg, og det verka som dei hadde kontroll over situasjonen.

Heile stadion vart evakuert, og kampen vart avlyst. Kva som skjer vidare, er usikkert, men det har vorte antyda at kampen kan verta spela ein av dei første dagane.

- Vi skulle eigentleg ha reist heim i morgen, men vi vurderer no om vi skal utsetja det nokre dagar om vi kan få med oss kampen. Det blir tungt å reisa heim utan kamp, særleg for gutane, utdjupar Tommy som legg til at dette var første gong for dei alle tre.

Dei føler ikkje nokon frykt for å gå på kamp etter det som skjedde.

- Første kamp etter noko sånt, er det vel ikkje store sjansar for at noko skal skje, avsluttar Tommy Eidsvik og føyer til at han syns det er gale at noko slikt kan skje.

De finn meir om denne saka på ulike riksmedia.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Tommy Eidsvik